



Alversund Maskinstasjon
Ove Myking

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3098 - 14/9348

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
16.04.2014

Ferdigattest gbnr 133/54 - veg

Vi syner til søknad om ferdigattest for godkjent tilkomstveg motteken, 27.03.2014.

Vedtak:

Kommunen gjev med dette ferdigattest for ovannemnde tiltak, jf plan- og bygningslova § 21-10.

Spesifikasjon.

Byggestad: 133/54
Type tiltak: Veganlegg
Vedtak: Delegert sak behandla den dato 03.02.2011 som sak 2010/2038

Ferdigattesten vert gjeve etter søknad når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon og fråsegn ferdigstilling, jf byggesaksforskrifta § 8-1. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar bekrefte at tilstrekkelig dokumentasjon som grunnlag for driftsfasen er overlevert byggverkets eigar, jf SAK § 8-1 (2) og SAK § 8-2. I dette tilfelle er slik dokumentasjon openbart overflødig, jf TEK § 4-2 (2). Kravet bortfaller.

Ferdigattesten er ikkje ein stadfesting på bygget sin tekniske kvalitet, men ein stadfesting på bygningsstyresmaktene si avslutning av saka.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.



Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bent Nordentoft

Jondalsv 193

5105

EIDSVÅG I ÅSANE

Mottakarar:

Alversund Maskinstasjon